



**DET FRIVILLIGE SKYTTERVESEN**  
**MIDT NORGE LANDSDEL**



# **STATUTTAR**

## **MIDT-NORSK MEISTERSKAP**

*Statuttane blei vedtatt på møte i Midt Norge Landsdel på Oppdal den 23. april 1994.  
Statuttane har vore oppe til revidering i seinare møter:*

09. juli 1994	Molde	29. juni 2012	Fræna
08. juli 1995	Overhalla	05. juli 2013	Overhalla
22. juni 1996	Sunndal	01. november 2013	Gardermoen
12. juli 1997	Stjørdal	04. juli 2014	Surnadal
13. juli 1998	Engesetdalen	06. februar 2015	Gardermoen
10. april 1999	Oppdal	03. juli 2015	Stjørdal
25. juni 1999	Oppdal	27. januar 2017	Gardermoen
07. juli 2000	Fræna	30. juni 2018	Fræna
06. juli 2001	Markabygda	05. juli 2019	Rennebu
12. juli 2002	Gjemnes	01. juli 2022	Stranda
11. juli 2003	Overhalla	30. juni 2023	Steinkjer
09. juli 2004	Rauma	2024	Nordmør
08. juli 2005	Kyrksæterøra		
10. februar 2007	Tiller		
06. juli 2007	Rissa		
27. juni 2008	Eidså		
07. februar 2009	Stjørdal		
10. juli 2009	Budal		
09. juli 2010	Sykkylven		
08. juli 2011	Inderøy		

*Statuttane gjeld for 2024 og sendast til alle samlag i Midt Noreg Landsdel.  
Ein ber om at tidlegare tilsendte statuttar makulerast.*

***Ola Vangen***

Leiar Mørekretnen

***Ketil Sunde***

Leiar Trønderkretnen

## **STATUTTAR FOR MIDT-NORSK MEISTERSKAP**

Midt-Norsk Meisterskap i bane og feltskyting skal arrangerast over ein «utvida vekeslutt», vanlegvis i første eller andre helga i juli månad. Arrangørar som av ymse grunnar likevel ynskjer eit anna tidspunkt, må søkje gjennom sin krets (Mørekreten eller Trønderkreten) til Midt Noreg landsdel om dispensasjon for å flytte stemnet.

Av omsyn til møtesyklus til Midt Noreg landsdel og terminlistearbeidet må ein slik søknad fremjast seinast eit år før avviklinga av stemnet.

### **TILDELING AV STEMNET**

Interesserte arrangørar søkjar gjennom «eigen» krets, som gjev innstilling til Midt Noreg landsdel som tildelar arrangementet. Normalt bør dette skje to år før, seinast eit år før stemnet.

### **INNBYDING/PÅMELDING TIL STEMNET**

Innbyding leggast ut på arrangøren og meisterskapet si heimeside. Innbydinga skal sendast til alle samlag i Midt Noreg Landsdel, som distribuera den vidare ut på sine heimeside, samt vidarende den til sine lag. Innbydinga skal kome frå arrangør seinast innan **15. mai**.

**Påmeldingsfrist settast til 14 dagar før stemnet.** Påmelding leggast ut på DFS sin arrangementskalender. Då dette stemnet ikkje er eit offisielt DFS meisterskap, kan skyttarar i alle DFS klasser delta.

### **BANESKYTING 200/300 METER**

Alle klasser skyt det standard 25-skots programmet som gjeld til ei kvar tid.

Ca. 10% av dei beste i klasse 3-5, klasse V55, klasse 2, klasseskyyttarar 55 år og eldre (Norma), skyttarar 23 år og yngre (U23) skyt så ein meisterskapsomgang. Er der ei større mengde enn dei 10% som har sjans på medalje, skal dei også takast med i omgangen.

Arrangør, saman med jury, står fritt til å auke mengde finalistar for å utnytte kapasiteten på anlegget maksimalt.

#### Skyteprogram meisterskapsomgang klasse 3-5, U23 og Norma:

Prøveskot: I følgje skyteboka  
Omgangen: 5 skot kneståande, skytetid 2 minutt.  
5 enkle skot ståande, skytetid 1 minutt pr. skot.  
Anvising skjer fortløpande på open skjerm

#### Skyteprogram meisterskapsomgang klasse V55 og klasse 2:

Prøveskot: I følgje skyteboka  
5 skot liggande, skytetid 2 minutt.  
5 enkle skot kneståande, skytetid maks. 1 minutt pr. skot.  
Anvising skjer fortløpande på open skjerm

Rangering i henhold til punkt 10.414 i skyttarboka.

## **BANESKYTING 100 METER**

Alle klasser (R, ER, J, EJ, V65 og V73) skyt det til ein kvar tid gjeldande 25-skots program. Meisterskapsomgangen skytast som ei eiga finale til slutt for dei beste. Arrangør bør, så langt det lèt seg gjere, legge til rette for at så mange som mogleg i rekrutteringsklassene får skyte finale.

Klasse R, ER, V65 og V73 skyt ordinær meisterskapsomgang. Klasse J skyt same type finale som klasse 2 og V55. Klasse EJ skyt same finale som klasse 3-5.

Rangering i henhold til punkt 10.414 i skyttarboka.

## **SAMLAGSSKYTING BANE**

Det skal skytast samlagsskyting for klasse senior, veteran og junior/rekrutt, etter dei til ein kvar tid gjeldande reglar for samlagsskyting (Skyttarboka 11.160).

Det skytast også samlagsskyting for seniorskyttara 25år og yngre. Programmet er det same som for klasse senior. Deltakarane kan berre delta på eit lag i samlagsskytinga på 200m.

Ein skyttar kan delta på samlagsskytinga utan å ha skote innleiande skyting.

## **FELTSKYTING**

Alle klasser (fin- og grovfelt) skyt 42-skot samanhengande. På finfeltskytingen skal det vere eit ikkje tellande innskytingshold.

Feltholda er prioritert i rekkjefølgje 7-6-5-4-3-2-1 (eventuelt 7+6-5-4-3-2-1).

Det skal brukast standard figurar på finfelten (ikkje landsskyttarstemnet sine figurar).

Feltopplegget kan i både fin- og grovfelt ha inntil 3 knehold. Figurane plasserast i gruppe med lik mengde figurar, primært 5. Jmf. DFS sin feltvegleiar.

- 42-skota på grovfelt skal skytast på nøyaktig oppgitte avstandar.
- 42-skota på finfelt skal skytast på nøyaktig 100 m. Om forholda vanskeleggjer dette skal nøyaktig avstand oppnemnast.
- Alle figurar skal plasserast på bakgrunnar store nok til å romme 5 figurar, med midterste figur hevet eller med nøytralt merke over. Bakgrunnen sin størrelse skal tilpassast avstandar og figurstørrelse slik at alle får rent siktebilde. Mellom kvar bakgrunn a' 5 fig. skal det vere god plass, helst markert med skillemerke eller plassert i ulik høgde.
- Hold 1 på grovfelt bør vere eit enkelthold med tanke på innskyting.
- Feltopplegget skal godkjennast av leiar i den landsdelskretsen stemnet arrangerast i.

Har medaljevinnarar i nokon av klassene like treff/innartreff og rangering treff/innartreff etter prioritert rekkjefølgje skal dei skiljast ved omskyting.

Tidspunkt for ei eventuell omskyting avgjer arrangøren. Det er naturleg å leggje denne til søndag og skytebana. Korleis omskytinga gjennomførast avgjer arrangør og kretsleiar.

Når det gjeld kontroll av figurane ved feltskyting, skal det vere minimum 2 personar.

I klassene HK416 og Kikkertklassen står arrangøren fritt om det skal skytast på fin- eller grovfelt.

## **EKSTRASKYTINGAR**

Det skal arrangerast **Stang- og Felthurtigskyting**.

Opplegg og avstandar jamfør skyteboka.

I dei tilfella stangskytinga vert skote mot pappfigurar, skal det vere eit klart skilje for maksimum kvar 5. figur.

Skyttarane betalar berre arr. avgift på desse skytingane. (Kr. 50,00)

## Lagskyting

Arrangør står fritt til å gjennomføre lagskyting i baneskyting under meisterskapet. På grunn av ulik størrelse på baneanlegga er det satt som ei valfri øving.

Skytinga gjennomførast lik skyteboka pkt. 11.229. Klassene NV, KIK og Å kan også delta i skytinga.

Mengde kvalifiserte lag bør vere lik den minste mengda skivekapasitet på 100m/2-300m, slik at det vert eitt lag per etappe.

Arrangør står sjølv for premiering. Lag nr. 1, 2 og 3 bør premierast. Døme på premiering:

Benytt heile eller delar av beløpet som kjem inn til gavepremiar frå skyttarlag/samlag.

## MEDALJAR

### Baneskyting:

Klasse 3-5	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. 3-5	Bane-**
Klasse 2	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. 2	Bane-**
Klasse V55	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. V55	Bane-**
Klasse V65	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. V65	Bane-**
Klasse V73	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. V73	Bane-**
Klasse Eldre Junior	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. E. Jun.	Bane-**
Klasse Junior	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. Jun.	Bane-**
Klasse Eldre rekrutt	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. E. Rek.	Bane-**
Klasse Rekrutt	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. Rek.	Bane-**

### Feltskyting:

Klasse 2-5, V55, EJ	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl.2-5,V55,EJ	Felt-**
Klasse V55	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. V55	Felt-**
Klasse 2	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. 2	Felt-**
Klasse Eldre Junior	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. E. Jun.	Felt-**
Klasse V65	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. V65	Felt-**
Klasse V73	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. V73	Felt-**
Klasse Junior	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. Jun.	Felt-**
Klasse Eldre rekrutt	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. E. Rek.	Felt-**
Klasse Rekrutt	1 gylt, 1 sølv og 1 bronsemedalje gravert:	kl. Rek.	Felt-**

### Ekstraskyting:

Vinnar stang	1 gylt, graverast: Stang-**
Vinnar felthurtig	1 gylt, graverast: Felthurtig-**

### Samlagsskyting bane:

Senior:	4 gylt, 4 sølv og 4 bronsemedaljar gravert:	kl. 3-5 saml.sk.	-**
Under 25 år	4 gylt, 4 sølv og 4 bronsemedaljar gravert:	kl. 1-5 U25 saml.sk.	-**
Junior/rekrutt	4 gylt, 4 sølv og 4 bronsemedaljar gravert:	kl. J/R saml.sk.	-**
Veteran	4 gylt, 4 sølv og 4 bronsemedaljar gravert:	kl. Vet. saml.sk.	-**

-\*\* tyder årstal, for eksempel: - 17

**OBS! Alle medaljar skal være uekte.**

**Alle medaljane er spesielle MNM medaljar med Olavsstøtta som motiv.**

Det er ikkje samlagsskyting i feltskyting.

## Medaljekostnader

Medaljekostnader individuelt skal dekkjast av arrangementsavgifta.

Medaljekostnader for samlagsskytingane dekkast av innbetaling frå samlaga. Arrangøren delar kostnadane for disse medaljane på dei samlag som har stilt lag og sende rekning.

## VANDRETROFE

Vandretrofe delast ut til:

Meisterskap bane, klasse 3-5

Meisterskap bane, klasse 3-5 kvinner (utgår når den er vunne til odel og eige)

Meisterskap bane, klasse V55 (utgår når den er vunne til odel og eige)

Marvin Amundsgård plassiffer felt og 25 skudd kl 3-5 «Marvin-pokalen»

- Tildeles skyttar i kl 3-5 med beste samlet plassiffer i felt- og baneskytingen (25-skudd) .
- Ved likt plassiffer går den som har best plassiffer i feltskytingen foran.
- Første skyttar med 3 aksjer i pokalen får den til eige.
- Det tildeles ein mini-pokal, (same som for dei øvrige vandrepokaler), til årlege aksjevinnara.

Beste 25 skot, klasse 3-5

etter pkt. 10.410 i Skyteboka

Beste grunnlag, klasse 3-5

etter pkt. 10.410 i Skyteboka

Meisterskap grovfelt, klasse 2-5,V55,EJ

For resterande klasser er det ingen trofé.

## Aksjar:

Vandretrofé i individuelle øvingar må vinnast tre gonger for å bli vunne til eigedom.

**Skyttarar som tar aksje i eit vandretrofé skal tildelast ein synlegheitspremie.**

Synlegheitspremiene og all gravering på vandretrofea betalast av den kretsen som har arrangert stemne.

Vinnarane av napp i vandretrofea får ikkje desse trofea med seg heim. Dei trekkast inn, pakkast ned i sine respektive koffertar og leverast/sendast til kretsleiar, i den arrangerande krets, som ordne med gravering. Gravering dekkjast av arrangerande krets.

## EINGONGSTROFE FOR BANESKYTING

Eingongstrofe for baneskyting giast ut til:

Beste meisterskap kl. 3-5

Rangering som beskrevet under mesterskap.

Beste skyttar, U23 (etter finale)

Rangering som beskrevet under mesterskap.

Beste skyttar, Norma (etter finale)

Rangering som beskrevet under mesterskap.

Beste skyttar, klasse 1 etter 25 skot.

Rangering som beskrevet under mesterskap.

Beste skyttar, klasse 2 etter 35 skot.

Rangering som beskrevet under mesterskap.

Eingongstrofea skal vere standardpremie m/logo. Eingongstrofea skal betalast av arrangøren.

Kretsleiar til arrangerande krets bestille inn desse saman med minnepremiane til vandrepokalane.

## RESULTATLISTER/TROFEOVERSIKT

Resultatlistene leggjast ut på DFS sine sider, i tillegg til arkivet på heimesida til stemnet. Eige dokument med oversikt over aksjevinnara må også oppdaterast og leggjast ut på heimesida.

## GENERELT

### Innskot

I innbydinga til stemnet skal det gå fram korleis det totale innskotet er bygd opp, med separate premieinnskot og arrangementsavgifter for Bane, Felt, Stang og Felthurtigskytinga. Skyttarane betaler fullt innskot (Arr. avgift og premieinnskot + ev. transport) ved oppmøte. Arrangøren fakturerer dei respektive skyttarlag for premieavgift på skyttarar som er påmeldt, men ikkje møtt.

Totalt innskot (skytebok) for alle skytingane skal godkjennast av kretsleiarane før innbydinga til stemne sendast ut.

### Presse, stemnerapport

Arrangøren skal/bør ha pressesjef for stemnet.

Pressemelding og orientering av media anbefalast å gjerast 1-2 veke før stemnet og via ein presseansvarleg. Det er viktig at vi er synlege.

Ei evaluering frå stemnearrangementet **SKAL** sendast over til neste års arrangør m/kopi til kretsleiarane og samlaga, seinast en måned etter stemnet.

Komplett resultatliste skal mailast til webredaktør for Midt-Noreg si hjemmeside, Bent Eliassen [bent.eliassen@ntebb.no] umiddelbart etter stemnet.

## PREMIERING/PREMIEUTDELING

### Premiering

Baneskytinga premierast med standardpremiar på 25-skot og feltskyting etter 42-skot.

Standardpremiar kan erstattast av gåvepremiar med minimum same verdi.

Standardpremiene av krystall er i tre størrelsar. Det skal nyttast to ulike utformingar på krystallvasane. Ein på bane og ein på felt.

Det skal graverast med logo og tekst på premiane. Skyttarlaga står fritt til å gravere med eigen skyttarlagslogo eller stemnet sin logo. Det skal graverast «Midt-Norsk Mesterskap [med årstall]» som tekst.

Det premierast 1/3 i kvar klasse.

Krystallvasar er å få kjøpt med Orkla Trykk og Profilering v/ Øystein Antonsen.

E-post: [oystein@orkla-trykk.no](mailto:oystein@orkla-trykk.no) Tlf. 72489616 / 902 81 040

Stang og Felthurtigskyting premierast med merker m/ eigen logo. Lager vidaresendast til neste års arrangør. Ved tomt lager kan ein bestille nytt lager med Orkla Trykk og Profilering. Mørkekretsen og Trønderkretsen betaler desse merka.

### Premieutdeling

På grunn av at stemnet er eit stort arrangement, kan det vere vanskeleg å passe inn ei premieutdeling for feltskytinga. Eit tips til arrangøren er å enten leggje utdelinga til laurdagskvelden, eller ta det saman med utdelingane på baneskytinga.

Standardpremiene pakkast lagvis i kasser etter innleiande skyting laurdag, slik at ein representant frå skyttarlaga kan hente dette i løpet av søndagen.

### Sigarseremoni

Etter kåring av vinnarar ved baneskyting, individuelle eller lagskytingar, skal dei tre beste **STRAKS** på **SEIERSPALL** for utdeling av medaljar og vandretrofé m/ miniatyrpokal.

### **ETTERANMELDING**

Arrangør bør leggje til rette for etterpåmelding så langt det let seg gjere. Det bør også opnast opp for å skyte på ledig plass.

### **KRAV SOM STILLAST TIL ARRANGØRAR AV MEISTERSKAPET**

Det er ein fordel om arrangør har tidlegare erfaring rundt å arrangere større meisterskap/stemner.

Følgjande punkt må oppfyllest av den arrangør som vert tildelt stemnet:

- Vedlikehaldsprotokoll **SKAL** vere offentleg.
- Speakerteneste som har ansvar for opprop og resultater.
- Publikumsvisning i skyttarhus.
- Opprops- og resultatlistar skal hengast opp på resultattavle på skytebanen.
- Resultater og skytekort skal skrivast ut umiddelbart etter avsluttet lag.
- Aktiv resultatweb, eller manuell resultatopplasting til web så snart som råd.
- Resultatweb skal innehalde komplette klasselister for alle skytingar. Dette inkludrar U20, Kvinne og Norma.
- Tidsskjema for finalar skal leggjast ut på nett før stemnestart, samt oppslag på banen.
- Finalegrenser publiserast snarast råd eller seinast 2 timar etter siste innleiande lag er ferdigskote.
- Resultater etter ferdigskutt stemne skal vere offentleggjort så snart som råd er etter stemneslutt.
- Stevneleiinga skal inneha nødvendig kompetanse til å arrangere eit stemne etter desse krav, samt inneha den kompetanse som trengs for å behandle data og elektronikk.
- Arrangør skal nytte meisterskapet si heimeside til informasjon/ei hovudsida for arrangementet.

Overnevnte reglement er sist revidert etter møtet i Midt-Noreg landsdel 30.06.2023.